



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
17.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/871 410
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

Klimasats 2018 - Søk støtte til klimatiltak innan 15. februar

Gjennom støtteordninga Klimasats kan kommunar, fylkeskommunar og kommunale føretak søke tilskot til lokale klimatiltak. På årets statsbudsjett er det sett av 150 millionar kroner i støtte til tiltak som vil bidra til å redusere utslepp av klimagassar og omstilling til lågare utsleppsnivå i samfunnet. Midlane kan og gå til planlegging, utgreiing av klimatiltak, nettverk og erfaringsutveksling.

Kriteria for søknader kan ein lese på nettsidene til [Miljøkommune.no](#) som og har utfyllande informasjon om dei ulike tiltaksgruppene som er prioritert i ordninga og om søkesum for ulike grupper tiltak. Her kan ein og sjå kva for kommunar og tiltak som fekk støtte gjennom ordninga i fjor.

Fylkesmannen oppmodar alle kommunar i Hordaland å søkje i 2018. Vi gjer merksam på at søknaden må vere politisk forankra, gjerne gjennom den kommunale klima- og energiplanen eller på anna måte.

Vi ber kommunane om å informere kommunale føretak om støtteordninga.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.